

TAXISENTRALEN I BERGEN AS  
Kokstadvegen 8  
5257 KOKSTAD

Dato: 05.09.2016  
Vår ref.: 2015/6943-31  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Brot på køyretidene for reserveløyva i Bergen Taxi

Samferdselsavdelinga viser til møte 1. september der ein mellom anna tok opp at løyvestyresmakta mottek gjentekne klager på at reserveløyve i Bergen Taxi bryt køyretidene.

Samferdselsavdelinga presiserte at det reserveløyve berre kan nyttast som erstatningsbil for hovudløyve ved skade eller reparasjon. Ein veit at næringa har lagt seg til ein praksis der ein vekselvis nyttar reservebil og ordinær drosjebil på hovudløyve. Denne praksisen vert grunngeve med praktiske og økonomiske årsaker. Bergen Taxi var samd i at praksisen ikkje er i tråd med yrkestransportregelverket. Den har ikkje grunnlag i marknaden, løyvestyresmakta handsamar praksisen som brot på regelverket.

Etter møtet har løyvestyresmakta fått nye meldingar om reserveløyve frå Bergen Taxi som har køyrt utanom køyretidene i helga. Ein legg til grunn at sentralen no gjer regelverket klart for løyvehavarane slik at òg Bergen Taxi sine løyvehavarar innrettar seg.

Det nye regelverket for bruk av reserveløyva og handheving av desse har vore i verksemd sidan 1. april 2016. Praksisen skal no vera kjent for alle og innkøyringsperioden er ute. Ein vil ikkje lenger kontakta sentralen ved nye brot køyretidene, men varsle løyvehavar om tilbakekalling.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*